



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 21.08.2015  
Vår ref.: 2014/14333-10  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## Spørsmål om KVU Arna- Voss og om samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39

I møte i samferdsutvalet 3.6.2015 stilte representanten Tom Skauge følgjande spørsmål:

«Grunnlaget for Oslo Economics sin kvalitetssikring (KS1) av Arna-Voss

KS1 – rapporten frå Oslo Economics meiner 0-alternativet - ingen utbygging tog/vei Arna-Voss gjev best samfunnsøkonomisk resultat. Som i alle slike berekningar er premissane viktige.

1. Korleis er tap av tid, overbelasta omkjøringsveggar og frykt tatt inn i modellen?
2. Er det rett at det ikkje er gjort berekning av endra konkurranseflate mellom gods på jernbane og gods på veg (Vedlegg s. 8)?
3. Nedjusterte virkedagar frå 300 til 255 har negativ verknad for neddiskontert nytte for K5 (Vedlegg s. 10). Er denne endringa rimeleg når ein veit at tog mellom Bergen og Voss er mykje brukt i helgedagar og at det er stor trafikk til Flåmsbana i ferien?
4. Rapporten syner at K4 med vekt på veg er best på reduksjon av alvorlege ulykker (s. 15 i Vedlegg). Korleis kan dette vera rett når alternativet K5 gjer det langt meir attraktivt å ta tog enn bil mellom Voss og Bergen?
5. Kva er resultatet for samfunnsøkonomisk nytte av Hordfast E39 med diskonteringsrente på 4%?»

Fylkesrådmannen lova å koma attende til utvalet med skriftleg svar. Me ber om at Statens vegvesen svarar oss på spørsmåla.

Thorbjørn Aarethun  
Seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.